



KROKA EIGEDOM AS

Ospelunden 16

5463 USKEDALEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Synnøve Handeland	404 04 973	2023/125		24.04.2024

IGANGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

Tiltak:	Mellombels plassering av arbeidsbrakker
Gnr/bnr:	81/188
Byggestad/adresse:	Rosendal hyttetun og camping, Nesvegen, 5470 Rosendal
Tiltakshavar:	KROKA EIGEDOM AS, Ospelunden 16, 5463 USKEDALEN
Ansvarleg søkjar:	Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, Ingen adresse finnes, 5649 Eikelandssosen
Matrikkel:	BYA = 252 m ² BRA totalt = 444 m ² H01 = 222 m ² H02 = 222 m ² BTA: H01= 224 m ² H02 = 224 m ²

Delegert vedtaksnr.: 2024/178

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 06.04.24 og tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan. Løyvet vert gitt for inntil 2 år og går ut 23.04.26

Det er ikkje motteke merknader frå naboar

Vilkår:

- Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.
- Det mellombelse løyvet til plassering av brakker gjeld for inntil 30 brakker.
- Før tiltak kan takast i bruk må det ligga føre løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå Vestland fylkeskommune.
- Det vert sett vilkår om bruk av buss som transport til og frå arbeidsstad for bebuarane i dei mellombels plasserte brakkene.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig til 23.04.2026, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Godkjent søknad hjå kommunen for avløp, samt godkjent søknad om tilkobling for vatn brakkene må ligga føre før det kan bli gitt bruksløyve til tiltaket.
- Vestland fylkeskommune har uttalt seg i samband med innsending av søknad, og vilkår i epost datert 25.03.2024 er sett som vilkår i vedtaket.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Synnøve Handeland
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Eining for VA